

Jørn Øyrehagen Sunde:

Vive la révolution!

Om korleis Digitalarkivet kan revolusjonera norsk rettshistorieskriving¹

Då eg oppdaga Digitalarkivet

I januar 2010 skal eg feira at det er ti år sidan eg oppdaga Digitalarkivet. Det vil ikkje vera ti år sidan eg fekk høyra om Digitalarkivet. Det gjorde eg for så vidt alt juletider i 1999 då eg kom til Statsarkivet som sivilarbeidar og vart sett til å registrera emigrantar frå Ålesund. Mitt arbeid var bare ein del av eit stortilt prosjekt som munna ut i den store emigrantdatabasen som vart lagt ut på Digitalarkivet sommaren 2000. Men eg oppdaga Digitalarkivet fyrst ein god månad seinare medan eg hadde lesesalsvakt. I timar hadde eg hjelpt ein lesesalgjest, og funne fram kyrkjebøker og skifteregister nok til å fylla ei heil tralle. Det var på dette tidspunktet noverande arkivar Marianne Herfindal Johannessen kom ruslande forbi, spurte kva vi leita etter, sette seg ved pc-en og med nokre tastetrykk fann alle etterspurte opplysningar. Det var *då* eg oppdaga Digitalarkivet. Og det skal eg feira januar 2010 med ei bokutgjeving. Den skal eg koma tilbake til. For før mitt eige jubileum skal tiårsjubileet for Digitalarkivet feirast.

Mitt bidrag til jubileet vert nokre refleksjonar over korleis digitalisering av kjelder generelt, og Digitalarkivet spesielt, kan revolusjonera norsk rettshistorieskriving. Men sidan norsk rettshistorie må sjåast i relasjon til norsk historieskriving generelt skal eg ta utgangspunkt i denne.²

Norsk (retts)historieskriving

Det er påfallande kor mange verk om Noreg si historie som er skrivne med tanke på at det ikkje bur meir enn litt over 4 ½ million menneske her i landet. Ein har skrive oversiktar over norsk historie sidan siste halvdel av 1700-talet, og dette må sjåast i relasjon til at Noreg var ein del av det dansk-norske konglomeratriket. Dette riket omfatta Danmark, hertugdøma Schleswig og Holstein, grevskapa Oldenburg og Delmenhorst, Island, Færøyane, Grønland, og koloniane Dei Vestindiske øyane i Karibien, Gullkysten i Vest-Afrika, og Trankebar i India ved sida av Noreg. På den eine sida var det viktig for den norske eliten å visa korleis norsk historie var ulik den ein fann i resten av konglomeratriket, for på det viset å greia ut det grunnlaget kongen sin politikk i Noreg måtte tuftast på. På den andre sida var det heilt opplagt at det dansk-norske riket ikkje var nokon einskapleg stat, det hadde alt frå fleire lovverk til mange språk. Dermed var det rom for nasjonale variasjonar og ei viss nasjonal sjølvhevdning. Dette er ein del av bakgrunnen for at det vart skrive norsk historie alt før 1814.

Det er ikkje bare påfallande at det er skrive så mange verk om norsk historie, men det er òg påfallande kor like dei ulike verka er i sitt perspektiv. Dei siste åra er det publisert alt frå generelle verk til norsk utanrikspolitisk historie, norsk idéhistorie, norsk immigrasjonshistorie og norsk helsehistorie. Noko spissformulert kan ein seia at sjølv med ulike utgangspunkt har

¹ Eg skuldar både Yngve Nedrebø og Hilde Ruus ei stor takk for å ha lest og kommentert denne petitartikkelen, og Teemu Ryymin for våre mange metodediskusjonar.

² Det eg i denne petitartikkelen gjer gjeldande for rettshistorieskriving vil likevel ofte òg vera relevant i høve til historieskriving meir generelt.

alle desse verka eit politisk-historisk perspektiv til felles. No er det fleire grunnar til dette. For det fyrste er det opplagt at politikk påverkar handlingar og hendingar, medan desse igjen påverkar politikken i ei slags dialektisk rørsle. For det andre er det naturleg av historiske årsaker; som alt sagt har norsk historieskriving sitt opphav i ei tid då dette var ein aktivitet som klargjorde dei historiske føresetnadane for politikken som skulle førast. For det tredje fordi politikk etterlet seg tydelege spor i form av tekstar som historikaren kan studera. Og då tekstar som vart, eller seinare har vorte publisert og er lett tilgjengeleg.

Dette siste poenget er svært viktig. Det er nemleg ikkje slik at vitskapsmenn generelt, og dei som driv med historievitskap meir spesielt, nyttar det materialet som er mest interessant. Dei nyttar det som er lettast tilgjengeleg. Det vil for det fyrste seia det materialet som ein kan kjøpa eller låna på bibliotek, og som ein dermed kan sitja og lesa på kontoret, på toget eller i eigne heim. For det andre vil eit tilgjengeleg materiale vera det som er lettlest fordi det er på eit språk og skrive med bokstavar som lesaren kjenner. I ein rettshistorisk samanheng kan ein peika på at når rettsprotokollane etter dei norske lagmennene fram til 1797,³ Stiftoverrettane frå 1797 til 1890, Overhoffretten i Christiania frå 1666 til 1797,⁴ den dansk-norske Høgsterett frå 1661 til 1814,⁵ eller den norske Høgsterett frå 1815 til 1863⁶ knapt er nytta i norsk historieskriving skuldast ikkje det at dette materialet ikkje er interessant, men at det vert opplevd som vanskeleg tilgjengeleg.

Sorenskrivarane sine rettsprotokollar er i noko større mon studert. Dette er fyrst og fremst gjort av lokalhistorikarar og ættebokskrivarar som har gjort sporadiske søk, ofte med eit personal- og gardshistorisk perspektiv. Men særleg på 1990-talet baserte fleire hovudfagsstudentar sine oppgåver på studiar av rettsprotokollar,⁷ og i regi av Tingbokprosjektet vart fleire av desse publisert.⁸ Det har likevel vore langt mellom norske historikarar som utover eit hovudfagsoppgåveprosjekt har systematisk studert rettsprotokollar.⁹ Etter omlegginga av den norske universitetsstrukturen har ei eittårig masteroppgåve erstatta det toårige hovudfaget, og dermed vil det verta enno færre studiar av norske rettsprotokollar enn det har vore.

Innan rettshistoria har dette fått som følgje at ein ikkje har studert vilkåret for politikk, konsekvensane av og tilbakemeldingane på politikken frå dei politiske subjekta lokalt sitt perspektiv.¹⁰ I staden har ein stort sett bare hatt utøveren av politikken sitt perspektiv. Resultatet er at norsk rettshistorie i alt for stor grad er skrive ovanfrå og ned, og lite er gjort for å venda om på dette perspektivet. Biletet er noko meir nyansert om ein ser på norsk historieskriving generelt, som har vorte tilført viktige impulsar og kunnskap gjennom særleg

³ Eit unnatak er Torleif Hansen med si avhandling *Bergen lagting som straffedomstol i appellsaker 1702-1737* (1993).

⁴ Eit unnatak er Jon Skeie i si avhandling om *Om ærekrænkelser efter norsk ret* (1910).

⁵ Eit unnatak er Gudmund Sandvik med artikkelen "Christian Colbjørnsen – den siste justitiarius i Danmarks og Noreges Højesteret", publisert i *Tidsskrift for Rettsvitenskap* nr. 3-5 2002.

⁶ Nils Rune Langeland har nytta upubliserte dommar under arbeidet med fyrste bind av *Siste ord: Høgsterett i norsk historie 1814-1965* (2005), men utvalet er ikkje gjort etter ei systematisk undersøking av høgsterettspraksis frå 1815 til vota i Høgsterett vart offentlege i 1863.

⁷ I tillegg har Aksel Kayser (1989), Øyvind Holst (1995) og underteiknande (1996/1997) skrive juridiske særavhandlingar med utgangspunkt i studiar av rettspraksis.

⁸ Ein oversikt er tilgjengeleg på

<http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/forskningsprosjekter/tingbok/utgivelser.htm>.

⁹ Eit unnatak er Erling Sandmo som vart dr. art. med avhandlinga "Slagsmålsbrødre", publisert som *Vondsamfunnets undergang* (1999).

¹⁰ Det må leggjast til at Dag Michalsen ikkje kan klandrast for dette, sidan hans forskning har rettsvitskap og ikkje politikk som omdreingspunkt.

kultur-, sosial- og mentalitetshistorieskriving. Men desse perspektiva har likevel lett for å forsvinna når ein skriv om dei lange tidslinjer, slik ein gjer i dei meir generelle historieverka. Årsaka er at dei gjerne er basert på studiar av arkivalia for kortare tidsperiodar, og difor er betre eigna til å tena som dømme enn til å utgjera sjølv strukturen i verket. Eg held difor fast på mi spissformulering om at norsk historieskriving generelt er prega av eit politisk perspektiv ovanfrå og ned, og det same kan seiast for norsk rettshistorieskriving meir spesielt.

Digitalarkivet og norsk rettshistorieskriving

I høve til det som er sagt ovanfor representerer Digitalarkivet ein potensiell revolusjon når det gjeld skrivinga av norsk historie og rettshistorie i tidlegmoderne og moderne tid. Årsaka er at enorme mengde arkivalia som før utan vidare måtte seiast å vera vanskeleg tilgjengeleg, no bare er nokre tastetrykk unna. Dette gjeld fyrst og fremst kjelder som folketeljingar, emigrantlister, militærrullar, skrifregister og kyrkjebøker, som er registrert i databasar og /eller skanna. Mindre påakta kjelder, som lister over slavar, fattige, gesellar og båtar er òg gjort tilgjengelege. Med andre ord finst det alt eit vell av kjelder som gjer det mogeleg å studera norsk historie og rettshistorie meir systematisk og i breidda frå særleg 1600-talet nedanfrå og opp i staden for ovanfrå og ned.

Når det gjeld rettshistorieskriving meir spesielt har Digitalarkivet eit revolusjonært potensiale i særleg to samanhengar: Tradisjonelle studiar av rettsprotokollar kan verta enno meir kontekstuelle, samstundes som det er mogeleg å studera rettsprotokollar på ein heilt ny måte. Lat meg fyrst utdjupa kva eg meiner med tradisjonelle studiar av rettsprotokollar før eg forklarar kva konsekvensar Digitalarkivet kan ha for dei.

Tradisjonelt har ein studert rettsprotokollar ved å fyrste velja seg ein jurisdiksjon og ein tidsperiode ein reknar med er interessant, og som det er bevart rettsprotokollar for. Deretter har ein satt seg ned med sjølv protokollane på lesesalen på Stats- eller Riksarkiv og lest og registrert sak for sak. Ein har då enten valt å studera praksis i einskilte tingkrinsar, som typisk vil vera einskilte skipreide eller prestegjeld, for dermed å kunna følgja lengre tidslinjer. Men sjølv det å studera ein femtiårsperiode vil vera arbeidskrevjande, og gjerne krevja mellom eit halvt og eitt års fult arbeid på arkiv alt etter tidsperioden og jurisdiksjonen som er valt.¹¹ Det sprengjer rammene for ei mastergradsoppgåve, tek mykje av tida til ei PhD-avhandling, og er problematisk for ein forskar med undervisningsplikt og publiseringskrav å halda seg til. Eit anna alternativ har vore å studera praksis frå fleire tingkrinsar med tanke på samanlikning. Men ein har då vore tvungen til å velja kortare tidsperiodar for at arbeidsmengda ikkje skal verta for krevjande. Enno eit alternativ har vore å studera praksis frå ein heil jurisdiksjon, typisk eit sorenskrivarembete, men då bare for nokre få utvalde år.

Føremona med slike tradisjonelle studiar av rettsprotokollar er at kvar einskild sak lett kan plasserast i ein kontekst. Det vil for det fyrste seia at ein gjerne har fleire saker av same typen frå same området, og slik lettare får auga på korleis desse sakene meir generelt vart forstått og handsama. For det andre vil det seia at same personane gjerne dukkar opp i fleire saker, og dermed vert det lettare å setja sakspartane inn i ein sosial kontekst. Om ein her supplerer dei tradisjonelle studiane med Digitalarkivet får ein ytterlegare hjelp. Årsaka er at mange av databasane inneheld personopplysningar som manglar i rettsprotokollane. Særleg gjeld dette opplysningar om personar sin vidare lagnad, som kan gje ein vidare sosial kontekst enn den som går fram av rettsprotokollane.

¹¹ Det er til dømes store forskjellar i omfanget av saksreferata frå 1600 til 1800-talet, og frå jurisdiksjonane Rosendal birk og Finnmark sorenskrivarembete.

Ulempa med slike tradisjonelle studiar av rettsprotokollar er at arbeidsmengda tvingar ein til å velja mindre geografiske område eller kortare tidsperiodar. Særleg vert dette eit problem dersom ein, som eg, ønskjer at slike studiar skal kunne supplera noregshistoria med meir enn dømme og anekdotar. Dette kan i dag til dels avhjelpast gjennom Digitalarkivet. Årsaka er at her er transkriberingar av rettsprotokollar gjort tilgjengeleg. Rettsprotokollane er ikkje, som resten av Digitalarkivet, gjort tilgjengeleg som databasar, men som Word-dokument. Dette gjer søking meir vanskeleg og mindre effektiv enn det som elles er tilfellet med materialet i Digitalarkivet. Men sjølv med søkesystemet i Word er det fullt mogeleg å nytta dette materialet til ein heilt ny måte å studera rettsprotokollar på. Årsaka er at ein no kan velja seg ut særlege søkjeord og leita fram sak etter sak der dette ordet er nytta. Dette mogeleggjør studiar som ein tidlegare bare kunne drøyma om.

For det fyrste kan ein leita fram særleg persongrupper som er sjeldan nemnt i rettsprotokollane. Til dømes kan ein i løpet av nokre timar leita fram alle saker der spelemenn på ein eller annan måte var involvert, for ein hele jurisdiksjon og over ein 150 års periode. Å setja seg ned med ein rettsprotokoll på tradisjonelt vis for å leita etter spelemenn er rein hasard. Årsaka er at ein i løpet av dei neste timane kan treffa på fleire saker som kan fortelja noko om spelemenn sitt virke, og ein kan lesa heile protokollen utan å finna denne yrkesgruppa nemnt med eit einaste ord. Det same gjeld til dømes sjølvmdarar, pengefalsknarar, krøplingar, psykisk utviklingshemma, omstreifarar, pipemakarar, matrosar, ølskjenkarar, etc.

For det andre kan ein leita fram særlege stadar som bare sporadisk er nemnt i rettsprotokollane. Ønskjer ein til dømes å studera blodskamproblematikken på avsidesliggjande stadar, kan ein søkja desse fram ved hjelp av namna på gardar som låg einstakke til. Slik kan ein til dømes studera om blodskam var vanlegare på slike stadar enn i meir sentrale strøk. Eller ein kan ønskjer å undersøkje kva rettslege tvistar folk på gardar der fiske utgjorde ein stor del av inntektsgrunnlaget i høve til gardar der stølsdrift var viktig.

For det tredje kan ein søkja på særlege tema. Til dømes kan ein søkja seg fram til eksistensen av fiskerettar i saltvatn. Kranglar om fiskerettar i saltvatn er like sjeldan nemnt i rettsprotokollar som spelemenn. Ikkje fordi dei bare sporadisk fanst, men fordi dei bare av og til var del av ein rettsleg tvist. Bare ved å kunna undersøkje eit større område over ein lengre tidsperiode får ein dermed nok empirisk materiale til å seia noko om eit vanleg samfunnsfenomen som bare unnataksvis har etterlete seg spor i dei historiske kjeldene.

For det fjerde kan ein søkja opp særlege representasjonar. Eg har sjølv studert bruken av termane kvinne, kvinnfolk og kvinnemenneske i Nordhordland frå 1642 til 1802 i samband med artikkelen ”Qvind folch”.¹² Kvar gong eg fann ein av desse termane nytta klypte eg ut heile saka, og laga meg slik eit over 500 sider langt Word-dokument. Dette dokumentet studerte eg så ord for ord for å danna meg eit bilete av korleis nemninga av ulike kategoriar kvinner endra seg i tidsperioden. Ein tilsvarande, men meir arbeidskrevjande studie kan ein til dømes gjera med utgangspunkt i termen ”løs” slik den er nytta i samband med ulike personkarakteristikkar.

Mitt arbeid med kvinnfolk kan tena som eit døme på føremonene ved då kunna gjera elektroniske søk i rettsprotokollar. Eg har tidlegare studert rettsprotokollane for Kvinnherad

¹² Publisert i *Från Schlyters lustgård* 7:2007.

og Strandebarm tingkrins i Sunnhordland sorenskrivarembete for 1706-1750, Rosendal birk frå 1706 til 1796, og Alta tingkrins i Finnmark sorenskrivarembete 1726-1796, men har likevel ikkje hatt tilstrekkeleg materiale til å dra dei same konklusjonane som elektronisk søk i rettsprotokollane for heile Nordhordland i ein 161 år lang periode mogeleggjorde. Gjennom å relatera mine funn i rettsprotokollmaterialet til lovgjevinga og juridisk litteratur kunne eg òg danna meg eit bilete av tilhøvet mellom bruken av ulike kvinnekategoriar lokalt og sentralt, og dei idémessige, politiske og sosiale konsekvensane av dette både på Slottsholmen og på Herdla med eit perspektiv nedanfrå og opp.

Metodiske utfordringar ved elektronisk søk i transkriberte rettsprotokollar

På Digitalarkivet ligg det no ute transkriberte rettsprotokollar for Ryfylke, Sunnhordland, Halsnøy kloster, Hardanger, Lysekloster, Voss, Nordhordland, Indre Sogn og Inderøy som det kan gjerast elektroniske søk i. Rettsprotokollane for både Sunnhordland og Hardanger vert kontinuerleg transkribert og gjort tilgjengelege. Samstundes finst det langt fleire systematiske avskrifter som enten er publisert i bokform eller på andre nettstadar, som lett kan gjerast tilgjengeleg på Digitalarkivet. Likevel vil den klart største tekstmengda enno ei stund vera dei alt nemnte rettsprotokollane for Nordhordland frå 1642 til 1802, transkribert av Håkon Aasheim. Dette materialet er på 10 967 foliosider som har vorte omforma til Word-dokument på til saman 15 569 sider med samla 5 769 133 ord. Det er dette materialet som har gjort det mogeleg for meg å mellom anna gjera den nemnte studia av kvinnefolk. Og det er dette materialet som i dag gjer det mogeleg å skriva norsk historie for denne tidsperioden frå eit heilt anna perspektiv enn det som er gjort til no. Men, som eg alt har handsama i min artikkel om kvinner og kvinnfolk frå 2007, er denne nye måten å studera rettsprotokollar på ikkje metodisk problemfri.

Fyrst av alt må eit reint teknisk problem nemnast, nemleg det alt nemnte dårlege søkesystemet i Word. Problemet er at ein bare kan søkja opp ord med same skrivemåte som den ein skriv inn i søkefeltet. Søkjer ein til dømes på "qvind folch" så finn ein ikkje "qvindfolch", "quind folch", "quindfolch", "qvind folck", "qvindfolck", "qvind folk", "qvindfolk", for å nemna nokre av dei skrivemåtane som er nytta i rettsprotokollane for Nordhordland på 1600- og 1700-talet. Men dette er eit reint teknisk problem som det lett å gjera noko med sidan teknologien alt finst tilgjengeleg. Vonleg vil ny teknologi verta tatt i bruk av Digitalarkivet i løpet av dei neste åra sidan mengda transkriberte rettsprotokollar bare aukar. Difor er dei største problema ikkje av ein teknisk, men av ein metodisk art.

Den fyrste metodiske utfordringa er at gjennom elektronisk søk finn ein det ein leitar etter. Søkjer ein etter kvinnfolk så er det kvinnfolk ein finn. Det vil seia at andre kvinner som oppfyller kriteria til å verta kalla kvinnfolk, men som likevel ikkje vert det, vil ein ikkje finna. Som alltid seier unnataka mykje om hovudregelen, og dermed vil ein studie basert på elektroniske søk verta mindre nyansert enn ein studie gjort på tradisjonell måte. Til dømes er det å få barn utanfor ekteskap ein inngangsport til kvinnfolkkategorien. Men samstundes er det essensielt for å forstå innhaldet i termen "Qvind folch" å studera kvinner som gjorde seg skuld i leiarmål men som likevel vart nemnt som "Qvinde" i rettsreferata. Søk på ulike relaterte termar, i dette tilfellet på ulike skrivemåtar av "qvinde", vil difor vera viktig for å avhjelpa dette problemet. Men då kan eit nytt problem lett oppstå: Ein får rett og slett for mange treff på søket.

Det andre metodiske problemet at ein i ganske stor grad vert prisgjeven dei som har skrive rettsprotokollane sin terminologibruk. Det vil seia at søkjer ein til dømes etter "voltægt",

”vold tægt”, voldtagit” eller ”vold tagit” så finn ein bare dei sakene som i rettsprotokollane er klassifisert som voldtekt. I Nordhordland finst det bare to slike saker mellom 1642 og 1802. Dette skuldast sjølv sagt ei stor underrapportering på grunn av same bevisproblemet som framleis gjer seg gjeldande i dag. Men det skuldast truleg òg at sorenskrivarane vegra seg for å bruka stigmatiserande terminologi som voldtekt før gjerninga var ettertrykkeleg bevist. Det same er tilfellet med termen drap, som òg svært sjeldan vert nytta samanlikna med kor mange saker som faktisk handlar om drap etter samtida si klassifisering. I samband med drap kan søk på ulike relaterte termar, som til dømes ulike skrivemåtar av kniv, til dels avhjelpa problemet. Men valdtektsproblematikken vert gjerne så generelt omtalt at det er vanskeleg å finna slike relaterte termar utan å enda opp med så alt for mange treff. .

Det siste poenget leiar oss over til det tredje metodiske problemet: Det er vanskeleg å leita etter det som ikkje vert framstilt ved hjelp av ein særleg terminologi. Kva søkeord kan ein til dømes bruka for å finna personar som vert mistenkt for å ha tatt livet av sin ektefelle for å kunna gifta seg med ein annan? Typetilfella er så ulike at det sjølv med elektronisk søk bare er tilfellet som avgjer om ein klarar å leita fram slike saker. Men sakene finst, og eg har funne fleire av dei medan eg leita etter ”Qvind folch” i Nordhordland. Dette metodiske problemet let seg rett og slett ikkje avhjelpa.

Den siste metodiske utfordringa er den største av dei alle: Underskotet på menneskeleg fantasi. Det er vanskeleg å få ein idé om å søkja opp til dømes døvstumme om ein ikkje fyrst har kome over ei sak der det å vera døvstum er tema. Det gjer at sjølv om ein kan gjera ein heilt ny type studie av rettsprotokollmaterialet, så kan elektroniske søk ikkje heilt erstatta den tradisjonelle arbeidsmåten sjølv når ein skal studera dei lange linjene. Det vil seia at ein må kjenna sitt materiale, og det vert ein bare kjent med gjennom å setja seg ned med protokollane og lesa side for side for å få ein idé om kva ein kan søkja etter.

Mitt jubileum

Når ein ser på materialmengda på Digitalarkivet så er det vanskeleg å fatta at det bare feirar sitt tiårsjubileum. Når eg sjølv tenkjer på kor ofte eg nyttar Digitalarkivet, og kor stor rolle det spelar i mitt virke som forskar, så er det vanskeleg å fatta at eg oppdaga det for bare 8 år sidan. Digitalarkivet sitt tiårsjubileum feirar eg med dette skriftstykket om korleis det kan revolusjonera rettshistorieskrivinga. Tiårsjubileet for mi oppdaging av Digitalarkivet skal eg feira med ei bok basert på studiar i dei transkriberte rettsprotokollane for Nordhordland der norsk (retts)historie under eineveldet vert systematisk skriven nedanfrå og opp.

Vive la révolution!